



Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

# SIM nytt

2/2008

Juni • Årgang 15



## Rett frå dunken

### Kun for hyttekundar

SIM sine hyttekonteinrar skal kun nyttast av dei som betalar gebyr for fritidsbustad. Meld frå til SIM på tlf. 53 45 78 50 dersom konteinaren er full eller boret flyt på utsida.



### Ikkje fuktig gras i biodunken

Prøv å unngå å kasta store mengder fuktig plengras i biodunken. SIM har ved eit par høve i det siste opplevd at dunkar som har vore fulle av vått gras, har gått sundt når bosbilen har løfta dei opp.



- Biosekken gjer reinhaldet av dunken enklare, tipsar kundehandsamar Arild Vik.

## Lev vel med biodunken

Å halda biodunken fri for fluger og makk sommarsdagen, kan vera ei utfordring.

- Det finst hjelperåd, trøystar kundehandsamar Arild Vik på SIM. – For det første bør dunken spylast rein etter kvar tömming. Vidare er det lurt å bruka ein sekk av maisstivelse (biosekk) inni dunken. Det vil redusera problema med fluger og makk, og også gjera

reinhaldet av dunken enklare.

Biosekker kan kjøpast i daglegvarehandelen eller hjå SIM. Sekkene kan kastast i lag med bioavfallet.

Biodunken bør stå på skuggesida av huset. Vis uansett omsyn til naboen når du vel plassering.



## Bestill dunkar i god tid

Skal du flytta i nytt hus? I så fall må du mælda frå om dette til SIM i god tid, slik at du har dei bosdunkane du treng frå første dag.

Det kan ta opptil seks veker frå me får melding om det, til bosdunkane står i tunet heime hjå deg. Årsaka er at SIM kører ut nye bosdunkar i kvar kommune kvar sjette veke.

- Dersom du ikkje kan venta så lenge, kan du henta dunkane sjølv på ein av våre miljøsentralar. I så fall må du mælda frå til SIM på førehand, slik at me får gjort dunkane klare, seier Eivind Hystad (biletet), ein av dei som byter bosdunkar for SIM.

*Eivind Hystad byter dunkar for SIM.*



## Grøderik kompostjord på lager

SIM har på lager mykje kompostjord og plenblanding til bruk i hagen. Dei populære produkta kan kjøpast på alle våre miljøsentralar.

Ein sjeldan gong hender det at kunden finn glasbitar i jorda. SIM beklagar dette. Årsaka er at einkvan av våre abonnementar har teke for lett på sorteringa heime og kasta glas i biodunken. Dermed får SIM det inn på komposteringasanlegget, der kompostjorda vert framstilt. Trøysta er at problemet med glas er lite, og at framandelementa vert borte i jorda så snart graset tek til å gro.

*Kompostjorda kan kjøpast på miljøsentralane.*



# - Alt farleg avfall skal leverast inn



## Johannes Helland (78) tenkjer miljø: Han leverer målingrestane sine til miljøsentralen.

- Der vert målinga teken hand om på forsvarleg vis, seier stordabuen etter nok ei opprydding i kjellaren. - Alt farleg avfall skal leverast inn. Det er ikkje lov å kasta denne typen bos i dunkane eller ute i naturen, og heller ikkje å tömma det i vasken.

## Plastemballasjen må vera rein og tørr

Alle som ynskjer det, kan be SIM om å få tilsendt storsekker til å sortera plastemballasje i. Det gjeld ein enkel hugseregel for kva som kan puttast i sekkene: Er plasten *emballasje*, og er den *rein* og *tørr*? Dersom svaret



Farleg avfall inneholder stoff som er skadelege for menneske, dyr og miljø. Det kan vera stoff som er tungt nedbrytbare, giftige, allergiframkallande, etsande – eller som har andre eigenskapar.

Miljøsentralen tek imot alt farleg avfall. Privatpersonar kan levera kostnadsfritt, men må betala for store mengder trykkimpregnert ma-

på begge spørsmåla er ja, kan plasten gå i sekken. Viss ikkje, er den restavfall. Så enkelt er det. Plastemballasje kan leverast kostnadsfritt på SIM sine miljøsentralar.

## Ryddedugnaden i full gang – bli med

SIM minner om den pågående ryddedugnaden og oppmodar velforeiningar, burettslag og andre grup-



- Godt å vita at svineriet vert teke hand om på skikkeleg vis. Måling og anna farleg avfall skal ikkje kastast i bosdunkane, men leverast til miljøsentralen, seier Johannes Helland.

teriale. Verksemder som genererer meir enn 1 kg farleg avfall i året, plikar å levera dette til lovleg mottak.

Frå miljøsentralen vert avfallet sendt vidare for forskriftsmessig behandling. Noko vert brent med høg temperatur, noko vert nøytralisert og langtidslagra.

per av friviljuge til å mælda seg på. Påmelding kan gjerast på SIM sin nettstad; [www.sim.as](http://www.sim.as) (klikk på "Privat" og deretter på "Ryddeaksjon 2008"), eller ved å ringja SIM.

Avfallet kan leverast kostnadsfritt til ein av SIM sine miljøsentralar. Døme på område som kan ryddast er buområde, nærområde, turstigar, skogsteigar og strender som kommunen ikkje har ryddeavtale for.

#### Døme på farleg avfall:

- Måling, lim og lakk
- Sprayboksar
- Spillole
- Reingjeringsmiddel
- PCB-vindauge (produsert 1965-1980)
- Trykkimpregnerte materialar

#### Tenk over dunklasseringa

Posten er på tråden med følgjande oppmoding: Ikke plasser bosdunkane slik at dei er til hinder for postbilane.

For vår eigen del minner me om at dunkane ikkje på nokon måte må plasserast slik at dei er til hinder for trafikken, eller skaper trafikkfarlege situasjonar. Hugs også å dra dunkane heim etter tömming.

#### EE-avfall skal ikkje i bosdunkane

Kastar du elektrisk- og elektronisk avfall (EE) i bosdunken, risikerer du at giftstoffa hamnar på ditt eige matbord.

- Det vil eg ikkje ta sjansen på, seier Morten Tislevoll og kvittar den gamle panelomnen sin på ein av SIM sine miljøsentralar.

Kasserte produkt som gjekk på straum eller batteri skal anten leverast til miljøsentralen eller til forhandlar av tilsvarende varer. Det er kostnadsfritt å levera.

EE-produkt er fulle av miljøskadelege stoff. Døme:

- Mobiltelefonar
- Lysstoeffrør, sparepærer og vanlege pærer
- Bilbatteri, oppladbare batteri og knappcellebatteri
- Leiker som blinkar eller bråkar
- Fjernstyrte bilar
- Blinkande joggesko

- Miljøsentralen er rette staden, seier Morten Tislevoll og kvittar seg med den gamle panelomnen sin.



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartaskogen  
N-5419 Fitjar



**SIM**  
**nytt**



## Svortland 4a vann teiknedugnaden

Klasse 4a ved Svortland skule i Bømlo kommune vart trekt ut som vinnar av SIM sin teiknedugnad for skuleåret 2007/2008. Premien, eit gåvekort på 2 500 kroner, vart overrekt elevane under ei tilstelling i klassen fredag 13. juni.

- Giss kva me skal bruka pengane til? spør elevane i kor. – Me skal invitera parallelklassen vår, 4b, på pizza.

500 av dei 800 fjerdeklassingane som var på ekskursjon til SIM i Svartaskogen dette skuleåret, sende SIM teikningar i etterkant av besøket. Oppgåva var å teikna eitt eller anna som hadde med bosbehandling å gjera. Elevane kom frå kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

Klasse 4a ved Svortland skule.  
 1. rekje f.v. Marthe Steinsland Sortland, Rikke Kvarven, Ola Svanheld, Mostafa Askari, Ruben Aasheim, André Kvarven og Martin Habbestad Meling.  
 2. rekje f.v.: Camilla Habbestad, Linn Lise Hollund og May-Line Bergtun.  
 3. rekje f.v.: Espen Stoknes, Maria Skjellevik, Renate Myren, Julie Habbestad, Idil Abdullahi Dahir og Amal Ahmed Sharif.  
 4. rekje f.v.: Maria Birgitte Aasheim Schei, Anna Aga, Espen Habbestad, Klara Sofie Katla, Samuel Robson Gardner og John Kristian Halleraker. Bak står lærarane Christin Klubben (t.v.) og Sissel Nielsen Mæland.

### Prøv heimekompostering

Lyst til å prøva heimekompostering? Det gjer 18 % av SIM sine abonnentar. Dermed sparar dei gebyret for biodunken.

Men det er ikkje berre å setja i gang, sånn utan vidare. Før du kan ta til med

å kompostera heime, må du ha gjort avtale med SIM. For å få avtale, må du ha dokumentert at du har kunnskapar om heimekompostering.

Alt om korleis du får komposteringsavtale finn du på SIM sin nettstad; [www.sim.as](http://www.sim.as) (klikk på "Privat"

og deretter på "Heimekompostering"). Du kan også ringja SIM og be om å få tilsendt informasjonen i posten.



### Opningstider miljøsentralane

#### Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00 – 14.00.

#### Bømlo, Hollundsdalen

Tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00 – 14.00.

#### Fitjar og Stord, Svartaskogen

Måndag kl. 08.00 – 18.00  
Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
kl. 09.00 – 14.00.  
Torsdagar f.o.m. 1. april t.o.m.  
30. september kl. 08.00–18.00.  
Julaftan og nyttårsaftan stengt.

#### Kvinnherad, Husnes industriområde

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00  
Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00–14.00.

#### Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00–14.00.

#### Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00–14.00.



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartaskogen, N-5419 Fitjar  
telefon: 53 45 78 50  
telefaks: 53 45 78 60  
e-post: [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as)  
[www.sim.as](http://www.sim.as)